



Arbeidstilsynet

VÅR DATO  
08.12.2015  
DYKKAR DATO

VÅR REFERANSE  
2015/49098 341022/2015  
DYKKAR REFERANSE

VÅR SAKSHANDSAMAR  
Per Kristian Fonn tlf 971 99 744

Hordaland Fylkeskommune  
PB 7900  
5020 BERGEN

Hordaland Fylkeskommune

11 DES 2015

## Vedtak om samtykke på vilkår og gebyr Behandling av søknad om samtykke etter arbeidsmiljølova § 18-9

**Gnr 54 Bnr 5 - Voss - Skulestadmo, 5710 Skulestadmo - Hordaland Fylkeskommune -  
Voss Jordbrukskule - nybygg/ombygging Stall**

Vi viser til søknad av 26.10.2015 om samtykke etter arbeidsmiljølova § 18-9 fra Rambøll, 5845 Bergen.

Søknaden gjelder riving av eksisterande stall og oppføring av ny, samt ombygging av eksisterande verkstad til lager og verkstadrom.

Saman med søknaden har vi mellom anna motteke dokumentasjon på medverknad frå tilsette, vurdering av arbeidsmiljøfaktorar og teikningar.

### Vurdering

I vedlagt vurdering av arbeidsmiljøfaktorar til søknaden, er det opplyst at ein skal installere ventilasjonsanlegg og at dokumentasjon på ventilasjon vert ettersendt. Vi set vilkår om dokumentasjon på ventilasjon.

### Merknad:

I vedlagt planteikning av plan1, er det teikna inn sponlager. Vi gjer merksam på fare for støveksplosjon som følgje av påtenning av brennbart trestøv. Verksemda må vurdere om det er fare for at det kan oppstå en eksplosiv atmosfære, og vidare om det er fare for påtenning. For eksempel frå varme lamper, varme delar på ev. lastebil som leverer spon og liknande.

Vi gjer merksam på forskrift om helse og sikkerhet i eksplosjonsfarlige atmosfærer, som gjelder krav til vern av sikkerheit og helse for arbeidstakarar og andre personar som vil kunne utsetjast for fare gjennom eksplosive atmosfærer. Forskrifta set krav om risikovurdering av eksplosjonsfare, og vidare førebyggande tiltak og vern mot eksplosjonar, samt inndeling av soner for eksplosjonsfarlige områder.

I tilknyting til vurdering av mulighet for eksplosiv atmosfære og risikovurdering, viser vi til arbeidsmiljølova § 3-2 bokstav c, om arbeidsgjevars ansvar for å søke sakkynnidig bistand når det er nødvendig for å gjennomføre lovens krav.

000001683547

2631713-2-3



Sjå Arbeidstilsynet sine nettsider ([www.arbeidstilsynet.no](http://www.arbeidstilsynet.no)) for informasjon om støveksplosjon og link til regelverk.

### **Vedtak**

Arbeidstilsynet gir med heimel i arbeidsmiljølova §§ 18-9 og 18-6 sjette ledd samtykke til planane på desse vilkåra:

1. Arbeidstilsynet krev ventilasjon av arbeidslokale og personalrom. Det må derfor utarbeidast planar for ventilasjon av desse lokala. For å oppfylle funksjonskrav gitt i samsvar med arbeidsmiljølova § 4-4 (1) vil det normalt vere nødvendig med balansert ventilasjon. Planane for ventilasjon og dokumentasjon i samsvar med til sjekkliste i best.nr. 444 må sendes Arbeidstilsynet seinast 1 mnd. før anlegget blir montert. Jf. arbeidsmiljølova §§ 4-4 (1) og 18-9.

Vilkåra for dette samtykket skal følgast opp av tiltakshavaren, eventuelt i samarbeid med arbeidsgivarar/leigetakrarar, jf. arbeidsmiljølova § 18-6 sjette ledd. Sjå òg § 1-3 tredje ledd i forskrift om utforming og innretning av arbeidsplassar og arbeidslokale som regulerer ansvaret til utleigaren.

Samtykket blir gitt på bakgrunn av opplysningane og planane som låg føre på tidspunktet for vedtaket. Samtykket er ikkje ei godkjenning av lokala eller arbeidsplassen. At Arbeidstilsynet gir samtykke til planane, betyr ikkje at tilsynet går god for at alle krava til fysisk arbeidsmiljø er oppfylte. Det er tiltakshavaren/arbeidsgivaren som har ansvaret for at lova/forskriftskrava blir overhaldne, og at arbeidsmiljøet er tilfredsstillande under bruk.

### **Innbetaling av gebyr**

Ifølge forskrift om utforming og innretning av arbeidsplassar og arbeidslokale § 9-1 og forskrift om administrative ordningar på Arbeidstilsynet sitt område § 14-1 skal det betalast gebyr til Arbeidstilsynet ved behandling av søknader etter arbeidsmiljølova § 18-9 første ledd. Gebrysatsen er avhengig av kva type tiltak det er snakk om, og storleiken på bygget. For nærmare informasjon om gebyrordninga, sjå [www.arbeidstilsynet.no/gebyr](http://www.arbeidstilsynet.no/gebyr).

Ut frå opplysningar i søknaden har vi plassert tiltaket i kategori 2c og fastsatt beløpet til kr 5625,-.

Faktura blir send i eiga sending til deg som tiltakshavar. Dersom gebyret ikkje blir betalt innan fristen, vil kravet bli drive inn med tvang og med tillegg av kostnadsgebyr.

### **De kan klage**

De kan klage på vedtak og gebyr frå Arbeidstilsynet etter reglane i forvaltningslova § 28. Fristen for å klage er tre veker frå de får dette brevet. For nærmare informasjon om klageinstans, framgangsmåte ved klage og retten til å sjå saksdokumenta, sjå [www.arbeidstilsynet.no/klage](http://www.arbeidstilsynet.no/klage).



**Behov for meir informasjon?**

De finn meir informasjon om Arbeidstilsynet og krav til arbeidsmiljøet på [www.arbeidstilsynet.no](http://www.arbeidstilsynet.no) eller [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no), eller de kan kontakte oss på telefon 815 48 222.

Vi ber om at de viser til vår referanse 2015/49098 ved seinare kontakt/korrespondanse i denne saka.

Med helsing  
Arbeidstilsynet Vestlandet

Johs B Lægland  
tilsynsleder  
(sign.)

Per Kristian Fonn  
konsulent  
(sign.)

*Dette brevet er godkjent elektronisk i Arbeidstilsynet og har derfor ingen signatur.*

Kopi til:					
Rambøll	Anja Drozdik	PB 3705 Fyllingsdal	5845	BERGEN	
Voss kommune v/avd. for byggesak		Postboks 145	5701	Voss	
Voss Jordbrukskule 29			5710	SKULEST ADMO	
Voss Jordbrukskule 29 v/verneombod			5710	SKULEST ADMO	

00100168351